

Utdanningsplan for LIS ved Kvinneklubben, FSS.

Spesialitet Fødselshjelp og kvinnesjukdommar

Om avdelinga

Kvinneklubben, ved Førde Sentralsjukehus, har eit breidt tilbod til kvinner frå gamle Sogn og Fjordane.

Det er 7 LIS-stillingar og 10 overlegestillingar. Alle overlegestillingar er besett.

LIS går 7-delt tilstadevakt, med to helger på 7 veker. Overlegane har tilstadevakter etter eigen plan. Vi har innimellom også overlegevikarar. Desse har høg kompetanse innan sitt fagfelt, og medverkar i opplæring, undervisning, og fagleg oppdatering. Dei fleste vikarane har vore her fleire ganger, slik at dei er godt kjende, og vert brukt til det dei er gode på.

Avdelinga har ein felles gynekologisk/obstetrisk/barsel sengepost, fødeavdeling samt gynekologisk – og fødepoliklinikk.

Fødeavdelinga handterer ca. 800-900 fødsjar i året. Vi tar hand om normale fødsjar og risikofødsjar ved svangerskap ned til veke 32.

Fødepoliklinikken gjer screening av gravide (12 og 18-vekers screening) , og selekterer kvinner som skal følges opp ved fødepoliklinikken grunna risikosvangerskap. Det er tre jordmødre og fleire overlegar med utdanning i ultralyddiagnostikk. LIS får opplæring av desse i ultralyddiagnostikk, men har alltid nokon å spørre for veiledning og supervisjon.

Ein av fordelane ved vårt sjukehus, er at LIS kan følge pasientar frå graviditet til barseltid.

Vi samarbeider tett med Ultralydlaboratoriet ved Kvinneklubben i Bergen, om det er behov for ytterlegare kompetanse.

Gynekologisk poliklinikk har ca. 5200 konsultasjonar per år (2022). Alle LIS får delta i dette, og får eigne pasientar. For pasientar som treng operasjon, har vi tilbod om dei fleste gynekologiske operasjonar, med unntak av avansert kreftkirurgi.

Vi utfører omlag 550 operasjonar per år (2025), dette inkluderer både elektiv og øyeblikkelig hjelp kirurgi.

I tillegg vert det gjort koniseringar (ca 100/år) og mindre kirurgiske inngrep (20-30/år) på poliklinikken.

Vi utreder kvinner for kreft, og henviser dei vidare til Kvinneklubben i Bergen, kor dei i hovdesak vert operert.

Ved kjemoterapi vil dei aller fleste motta behandling ved Kreftpoliklinikken ved Førde Sentralsjukehus.

Kvinner som er i gynekologisk kreftbehandling, vil i forbindelse med innlegging vere innlagt i kreftavdelinga ved FSS.

Det er imidlertid Kvinneklubben som har det medisinske ansvaret.

Vi samarbeider med palliativt team, under medisinsk avdeling, hos pasientar med langtkomen kreft.

LIS får på denne måten erfaring med alle faser av gynekologisk kreftsjukdom.

Vi utreder infertilitet, og henviser til IVF behandling der det er indikasjon for det.

To av våre faste vikarar, jobbar spesielt med dette, og vi brukar kompetansen deira, både i pasientbehandling, men også i undervisning.

Utdanninga

Utdanninga har tradisjonelt sett vore inndelt i tre deler, fordelt på tre ulike avdelingar, og minstetida for utdanninga er 5 år:

- Tjeneste ved Kvinneklubben i Førde, 2,5 år, inntil 3,5 år er godkjent

- Tjeneste ved Kvinneklubben, Haukeland Universitetssjukehus – evt anna «gruppe 1 sjukehus», 1-1,5 år

- Tjeneste ved Kirurgisk Avdeling, 6-12 mndr.

Som LIS ved Kvinneklinikken i Førde, vil ein få tjeneste ved poliklinikk, sengepost og fødeavdeling, kreftpoliklinikk og operasjon. Ein har per no ikkje rotasjonsordning i avdelinga, men arbeidsoppgåvene utvides etterkvart som kompetansen aukar.

Introduksjon av ny LIS

Dei første vekene i avdelinga arbeider LIS tett saman med meir erfaren lege i avdelinga. Når ein starter med sjølvstendige arbeidsoppgåver, har ein alltid ein overlege eller erfaren LIS tilgjengeleg for hjelp og veiledning.

Supervisjon, rettleiing og fagleg utvikling

Utdanning av LIS skjer i all hovudsak gjennom deltaking i den daglege drifta. Som ny LIS startar ein ofte med øyeblikkeleg hjelp poliklinikk, kor ein møter vanlege problemstillingar både innan gynekologi og fødselshjelp, som ein også møter i vaksamanheng. Ein har alltid ein overlege eller erfaren LIS tilgjengeleg for hjelp og rettleiing. Slik sikrar ein både god opplæring og kvalitet på helsehjelpa. Etterkvart som kompetansen aukar får ein utvida arbeidsoppgåver. Spørsmål eller problemstillingar som dukker opp ila arbeidsdagen kan diskuteres med kollegaer ifm morgon- eller ettermiddagsmøtet, som ein har kvar dag. Avdelinga har internundervisning to timar i veka, samt digital CTG undervisning frå Haukeland 30 min kvar veke. LIS har fordjupningstid 4 heile dagar ila 7 vekers turnusperiode. LIS får permisjon til kurs 2 veker i året.

Vurdering og dokumentasjon av oppnådde læringsmål

Det er sett av tid til rettleiing av LIS første torsdag i mnd, med tanke på evaluering av fagleg progresjon og oppnådde læringsmål. Ein del av rettleiinga skjer også gjennom det kliniske arbeidet. Dokumentasjon av utførte læringsmål vert gjort i kompetanseportalen. Overlegane i avdelinga har evalueringskollegium kvar 4. veke. Ein bruker evalueringsskjema som LIS har fylt ut i forkant av evalueringa som utgangspunkt for evaluering i kollegiet. Rettleiar gjev tilbakemelding til LIS som er blitt evaluert i etterkant.

Teoretisk undervisning

Avdelinga har internundervisning 2 timar kvar veke. Både LIS og overlege underviser da om tema i henhold til læringsmål for spesialiteten. Enkelte ganger har vi gjesteforeleser, det kan vere ein vikar i avdelinga, eller helsepersonell frå andre avdelingar eller fagfelt som er relevante for faget vårt. Vi deltar også digitalt, i CTG undervisning, frå Haukeland Universitetssjukehus, ca 30 min kvar veke. Kvar andre fredag er det fredagsundervisning i sjukehusets auditorie, som rullerer mellom avdelingane på huset. Kvart år arrangerer avdelinga ALSO (Advanced Life Support in Obstetrics) kurs i avdelinga, eit på våren og eit på hausten. Alle legane i avdelinga skal delta ein gang i året.

Felles kompetansemål

Ved Førde Sentralsjukehus gjennomfører ein grupperettleiing med tanke på å oppnå felles kompetansemål for LIS.

Utdanningsutval og utdanningsansvarleg overlege

Ein til to LIS og utdanningsansvarleg overlege utgjør utdanningsutvalet i avdelinga.

Forsking

Som LIS 1 skal alle ha gjennomført FKM-LM 10-12 om forskingsforståing, og som LIS 2/3 FKM-LM 13 som gjeld forskingsprotokoll, lovverk og forskningsetikk.

Temaet forskning er del av obligatorisk gruppeveiledning for LIS 2/3.

Det vert tilrettelagt for at LIS 2/3 får delta i kvalitetsutviklingsarbeid (f. eks. registerarbeid knytta til NKIR, NGER og kreft) og forskning, som del av Helse Førde sitt arbeid, eller som deltakar i forskingsgruppe initiert av andre foretak.

Forskingsretteleiing vert gjeve av «Senter for helseforskning», eit samarbeid mellom Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet, men all forskning skjer i regi av Helse Førde.

Personvernombodet er sentral i å sikre korrekte søknadsprosessar.

Individuell utdanningsplan

Individuell utdanningsplan vert utarbeida ved tilsetting. LIS får rettleiar, og læringsmål vert gjennomgått. Det vert laga ein plan for utdanninga, og rettleiar/avdelingsleiar prøver å tilrettelegge arbeidsoppgåver i takt med kompetanse.

Avdelingssjef godkjenner planen.

Simulering og ferdighetstrening

Fødselshjelp og kvinnesjukdommar er eit kirurgisk fag med mange praktiske prosedyrer som skal læres. Avdelinga har fantom som ein kan bruke til å trene på bl.a. operative vaginale forløsningar. LIS har tilgang på såkalla «Drammensboks» for laparoskopisk trening.

Ellers deltar LIS med aukande kompetanse i aukande grad på operative inngrep og prosedyrer ved fødeavdelinga.

Tillitsvalde

Dei fleste LIS er tilslutta YLF i Den norske Legeforening.

YLF har tillitsvalde i foretaket som ivaretar LIS sine interesser.

Kontakt

For spørsmål om spesialistutdanninga, kontakt avdelingssjef eller utdanningsansvarleg overlege.